

Kandidatnummer: 144

ALLV111 Litteratur frå antikken til
mellomalder/renessanse

Vår 2021

Oppgåvetekst 1:

Drøft og samanlikn menneskesyn og framstillingsform
i *Jobs bok* og den greske tragedien.

Jobs bok og tragedien Kong Ødipus

Jobs bok er ein av ei mange bøkene i det gamle testamentet i Bibelen som blei til i det siste årtusetet fvt. I følge store norske leksikon kan språket i Jobs bok tyde på at den blei skriva på 400-500 talet fvt. (Eidsvåg, 2019). Den handlar om ein velståande mann som har alt han kunne tenke seg, og som er svært klok og tru mot Gud. Han blir sett på prøve av Gud, og reagerer med eit valdsamt sinne.

Den greske tragedien blei til i det greske antikkens Hellas mellom 1000 fvt. fram til ca. Kristi fødsel. Innanfor antikkens Hellas kan vi sjå fleire tidsperiodar, og Sofokles sin Kong Ødipus hadde uroppføring i Klassisk tid (480-323 fvt.)(Tvedt, 2020), nærmare bestemt i 429 fvt. Kong Ødipus er forteljinga om ein kongeson som blir sendt vekk av foreldra sine fordi kongen får fortalt at sonen ein dag kjem til å drepe sin eigen far og gifte si eiga mor. I forsøket på å unngå denne lagnaden, oppfyller dei dessverre premissane for at dette skal kunne skje. Dette går galt då Kong Ødipus endar opp med å drepe far sin likevel, i det dei passerer kvarandre eit stykke vekk frå byen. Kong Ødipus får barn med si mor, og historia byrjar med at det ligg ein pest over byen. Kong Ødipus trur at pesten kjem av at gjerningsmannen som drap Kong Laios ikkje har blitt straffa enda. Han deklamerer derfor at han skal få tak i den som har gjort denne ugjerninga og gje personen ein streng straff.

Tekstane har altså truleg opphav frå rundt om same historisk tid, men dei har likevel ulike menneskesyn og framstillingsform. Eg skal i det følgjande drøfte og samanlikne menneskesyn og framstillingsform i Jobs bok og den greske tragedie. Til dette vil eg bruke tragedien Kong Ødipus frå pensum som utgangspunkt for den greske tragedie-sjangeren, slik Aristoteles og gjer i sitt verk *Om diktekunsten* (Aristoteles, 2004).

Jobs bok

Struktur

Jobs bok har ein prolog og ein epilog, som refererer til det som skjer i hovudteksten. Dette blir skild frå kvarandre ved at prologen og epilogen har eit anna oppsett enn resten av teksten. Her blir det referert til handlinga av ei forteljarstemme, og alle setningane kjem etter kvarandre som i ein roman. I hovudteksten, som er dialog mellom Job, venane hans og etterkvart Herren, er strukturen meir som dikt eller sitat. Dei er eitt innrykk lengre inn enn resten av teksten, og viser direkte tale. Dei fleste utsakna til menneska er langtekkelege og liknar ikkje på ein «kvardagsleg samtale» som vi ville hatt i dag, eller som dei kortare utvekslingane i Kong Ødipus. Dei minner om tragedien på den måten at utsakna, som ofte er klage frå Job er skriva

i eit «opphøgd språk» som skil dei frå resten av boka. Klagetekstane kan kanskje minne om klagesongane i tragedien, som tragediekoret blei brukt til.

Frå epilogen til dei første orda til Job skjer det eit brått skifte i stemning. Job blir brått strippa for alt han har av dyrehald, familie, barn og rikdom i det heile. Job går frå å gudlydig og audmjuk, venleg og ærefryktande til å forbanne den dagen han vart fødd. Slik startar Job sin klage til Gud: bort med den dagen då eg vart fødd, den natta då det vart sagt: «ein gut er avla.» (Job 3:3). Kvifor ville Gud at Job skulle gå gjennom så mykje smerte, dersom han verkeleg er ein god Gud? Jobs bok i gamle testamentet i Bibelen viser ein Gud som angrar at han skapte verda. Han vil starte på nytt igjen, og skape menneske betre, men det er for seint. Denne Guden som kan ytre noko slikt, er ein ganske anna Gud enn den vi elles kan finne i Bibelen. Bibelen blir ofte sitert ved at «Gud har skapa menneske i sitt bilete», og at menneske derfor er perfekte slik dei er. Er dette då den Gud som vi ser elles i Bibelen? Han som lar seg utfordre av Satan til å teste sitt beste menneske?

Menneskesyn:

Det blir sagt at Jobs bok viser at menneska har fri vilje. Denne frie vilja ser vi i handlingane til Job. Han kunne gått frå Gudstrua si då han blei satt på prøve av Gud, men i staden viser han anger og tar tilbake det han sagt mot Gud. På denne måten endrar han korleis historia utfoldar seg, og viser at det går an å angre seg. Han viser at skjebnen til menneska ikkje er bestemt på førehand, men at vi som menneske kan og må ta ansvar for korleis liva våre blir. Stemmer det at Job har fri vilje, når Herren snakkar direkte til han og påfører han og venane hans ein storm for å leggje press på han? Har han eigentleg noko val, eller må han angre sine ord til Herren? Han vel å ta tilbake sine ord, og ved å gjere dette kan gud tilgje Job og gi han tilbake rikdomen hans.

Kong Ødipus

Struktur

Kong Ødipus byrjar med ein kort prolog som skildrar kva som har skjedd i den føregåande tragedien, så Kong Ødipus er den 2. av tre tragediar som heng saman. Etter prologen går vi rett inn i handlinga, kor Kong Ødipus entrar scena som har nokre halvaksne gutar og prestar som kneler framfor eit alter. Dette gjer dei for å syne til kongen at dei er i nød, og kongen må straks ta tak i denne ulykka som råkar byen. Vi ser at teksten er bygd opp av lange og korte replikkar, og desse delane utgjer scenene som blir spela ut i tragedien. Scenene blir brote opp ved hjelp av korsong, som skildrar handlinga og set spørsmålsteikn ved kva som kan skje

neste. I tragedien blei denne korsongen brukt til å drive handlinga framover. Her har vi sterke innslag av klage, og dette kan minne om klaginga til Job i hans bok.

Menneskesyn:

I denne tragedien får vi sjå ein mektig konge som mister sin rikdom og sitt kongerike. Det er ikkje tilfeldig at den handlar om ein slik viktig figur. «Den tragiske helt må ha en viss fallhøyde» står det i boka Verdenslitteratur (s.43, 2017). Menneska som blir portretterte er med andre ord ikkje «vanlege menneske», men store menneske som har mykje å tape dersom ulykka først rammer dei. Dette er eit viktig premiss for at tragedien skal bli fatal og effektiv i sin formidling til publikum. Status hadde ei heilt anna rolle i samfunnet i antikkens Hellas enn det den har i dag, sjølv om vi framleis har hierarkiske strukturar i vesten og verda generelt i 2021. Denne premissen for tragedien er viktig å vere klar over når vi skal sjå på menneskesynet.

Kong Ødipus ynskjer å vere ein konge som gjer det beste for kongeriket sitt, men likevel lyttar han ikkje når den blinde, synske Teiresias forsøker å fortelje han sanninga. Ødipus har gjort ein stor feil (gr. Hamartia), før tragedien går føre seg, som gjer at hans lagnad blir å forsvinne frå landet. Han er ikkje klar over dette før mot slutten av tragedien, når alt kjem saman i vendepunktet (gr. Peripeti) og Ødipus skjønner kven han eigentleg er (gr. Anagnorisis). Den greske tragedien kan definerast som deterministisk, nettopp på grunn av at karakterane ikkje kan komme unna det Gudane har planlagt for dei. Akkurat i dette punktet er det tydeleg at tragedien blei skriva i ei anna tid, fordi vi i dag ikkje på det jamne trur på determinisme like mykje som dei nok gjorde i antikkens Hellas. Derfor er det lett å stille seg spørsmålet: Kunne verkeleg ikkje Ødipus gjort noko annleis? Kva med å ikkje slå i hel det tilfeldige følget han møtte i vegkrysset mange år tidlegare, eller ikkje takke ja til å gifte seg med dronninga i Theben sjølv om han fekk dette som ein takk for at han greidde å løyse sfinxens gåte? Dette er spørsmål som eg trur at skal bli vekka i oss, og lede til refleksjon rundt kva for nokre menneske vi vil vere.

Likskapar og skilnadar

Strukturen i dei to ulike verka har likskapar. Begge tekstane har lange tekstsekvensar. Talesekvensane i Jobs bok minner strukturelt og innholdsmessig om korsongane i Kong Ødipus. Desse har innrykk, og har eit språk som er opphøgd over språket elles. Teiresias og Kong Ødipus har i nokre delar av historia lange tekstbolkar som kan sjå meir ut som monologar enn dialogar, og dette finn vi og i Jobs bok kor vennane til Job kjem til han for å

gje han støtte når han har mista alt. Det blir rett og slett stilla spørsmål ved om kvifor Gud i det heile tatt har skapa jorda og menneska om dei skulle få ha det så vondt.

Determinisme og fri vilje

I Kong Ødipus les vi at dei forsøker å unngå det verste som kan skje, men dette endar med at det verste skjer likevel. «Ingen kjem seg unna lagnaden som gudane har bestemt for deg». Dersom du forsøker å unngå det, så vil det skje likevel. Dette er ein tydeleg determinisme. Jobs bok kan i kontrast vise til menneske si frie vilje og at dette ikkje alltid er til det beste for menneska.

Ein viktig forskjell mellom dei to verka er den dramaturgiske oppbygninga. I Ødipus går det frå lykke til ulukke, som tragediane i følgje Aristoteles skal gå. I Jobs bok går det frå lykke til ulykke tilbake til lykke. Dette er eit tydeleg og viktig skilje mellom dei to verka. Ein anna viktig skilnad mellom dei to er Gud eller gudane si innblanding. Medan det i den greske tragedien blei insinuert at Gudane ikkje ville at menneska skulle gå i mot deira vilje (gr. Hybris), blir Gud og Satan ein del av rammeforteljinga i Jobs bok og er dermed ein del av korleis historia blir innramma. Gud er også ein del av sjølve historia til Job, då han dukkar opp mot slutten av teksten og skjeller ut venane til Job fordi dei har tala feil om Gud, og støtter Job fordi han angrar på dei stygge orda han har sagt.

Gud sitt nærvære

Menneske er svært tett knytt opp til Gud eller Gudane i både Antikken og Jobs bok. I begge tekstane er nærværet til noko større viktig og markant. Dette ligg som eit føresetnad for korleis karakterane handlar, og sett premissane for handlingsrommet til Job og Ødipus, samt alle andre i tekstane. I dagens sekulære Noreg er det lett å gløyme kor viktig religion er og har vore gjennom tidene for menneske, og dette er noko vi må hugse på i møte med tekstane. Likevel har begge verka eit tydeleg motiv av Gud og heilag kraft som noko som må bli respektert eller tatt på alvor, og som direkte verkar inn på liva til menneska. På eit vis skal du ikkje sette deg opp mot Guds vilje, fordi då går det galt. «Du skal ikkje tru at du veit betre enn Gud».

Ein annan viktig skilnad mellom dei to ulike stykka er at Kong Ødipus tar for seg eitt av dei, i følgje samtida, verste syndene du kan utføre: incest. Ødipus utfører handlingar som trassar Gud, medan Job blir pressa til å trosse Gud. Job har ikkje vore noko anna enn ven og god mot Gud, og han blir likevel sett på prøve. Han blir i følgje rammeforteljinga sett på prøve fordi Satan påpeikar at Job, som i følge Gud er eitt av dei beste menneska på jorda, ikkje ville vore

like sterkt truande dersom han hadde opplevd vanskelege ting. Satan utfordrar med andre ord Gud til å setje Job på prøve, og Gud gjer dermed dette.

Desse tekstane viser på kvar sine måtar korleis Gud testar menneska, og dette får svært ulike konsekvensar. Sjølv om dei på mange måtar er ulike, kransar dei rundt menneske som trur på noko større enn seg sjølve, og har ein framstillingsform som skiftar mellom forteljande og direkte tale.

Litteratur:

Haarberg, Jon., Selboe, Tone., Aarset, Hans E., 2007, *Verdenslitteratur*. Oslo: Universitetsforlaget
Sofokles. Uroppføring 429 fvt. *Kong Oidipus*. Omsett av P. Østbye 1999. Oslo: Gyldendal norsk forlag AS
Aristoteles. Rundt 335 fvt. *Om Poetikken*. Omsett av Sam Ledsaak 2004. Oslo: J.W. Cappelens Forlag as.

Tvedt, Knut mfl. 2020, «den greske antikken» snl.no, 27.05.2021 kl. 13:16

https://snl.no/Den_greske_antikken

Eidsvåg, Gunnar M., 2019, «Jobs bok» snl.no, https://snl.no/Jobs_bok